



Møteprotokoll

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Raffelneset
Dato: 06.12.2022
Tid: kl 08.30 - 11.30

| Fremmøtte | Representerer | Funksjon |
|------------------------|----------------------|-----------------|
| Audun Ulstein | H | leiar |
| Kjersti Røyset Topphol | KrF | medlem |
| Inga Ishild Hareide | UAV | medlem |
| Øyvind Grimstad | UAV | nestleiar |
| Greta Kirkebø | V | medlem |

Andre som møtte

Vest kontroll:

Jostein Støylen, dagleg leiar.

Astrid Landsverk Sande, konsulent.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:

Bodill Skeide, dagleg leiar/revisjonssjef.

Alf Marius Grønnevik, forvaltningsrevisor.

Hareid kommune:

Anne-Lise Roald, kommunalsjef sektor for læring og kultur. I sak PS48 OS07. Ho var tilstades i heile møte på vegne av kommunedirektøren.

Aina Øyehaug Opsvik, barnevernleiar. I sak PS48 OS07.

Bjørnar Haddal, økonomileiar. I sak PS50.

Kai-Rune Bjørke, kommunalsjef sektor for samfunnsutvikling. I sak PS53.

Ottar Røyset, kommunalsjef sektor for velferd.

Sakene vart behandla i følgjande rekkefølge: PS46, PS47, PS48 OS07, PS49 RS08, PS50, PS51, PS53, PS52, PS54, PS55, og PS56.

Det var pause mellom 09:30 - 09:35

Møteslutt 11:30.

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | Arkivsaksnr. |
|----------------|---|---------------------|
| PS 46/22 | Godkjenning av innkalling og sakliste | 22/2244 |
| PS 47/22 | Godkjenning protokoll | 22/2244 |
| PS 48/22 | Orienteringar | 22/2244 |
| PS 49/22 | Referatsaker | 22/2244 |
| PS 50/22 | Kvartalsrapport 3. kvartal 2022 inkl. finansrapport | 22/2239 |
| PS 51/22 | Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt - Hareid | 22/2243 |
| PS 52/22 | Forenkla etterlevingskontroll 2022 Hareid - Risikovurdering | 22/2240 |
| PS 53/22 | Kommunale tomtekjøp - kjøpekontrakter | 22/909 |
| PS 54/22 | Gjennomgang av møteprotokollar | 22/2244 |
| PS 55/22 | Vedtaksoppfølging | 22/1095 |
| PS 56/22 | Saker til eventuell seinare behandling | 22/2244 |

Hareid, 06.12.2022

Audun Ulstein

PS 46/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

PS 47/22 Godkjenning protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

PS 48/22 Orienteringar

Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel |
|----------------|---------------------------------|
| 07/22 | Orientering frå barnevernsleiar |

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.
2. Kontrollutvalet ber om ei ny orientering etter at den nye lova har fungert ei tid, i 2023/2024.

Behandling:

OS 07 Orientering frå barnevernsleiar

Barnevernsleiar Aina Øyehaug Opsvik, og kommunalsjef Anne-Lise Roald orienterte og svarte på spørsmål. Viser til powerpoint som vert lagt på saka.

Barnevernsleiar opplyste om at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt forebyggjande arbeid etter fyste ledd i barnevernsreforma. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom etatane i kommunen, og korleis etatane skal samarbeide. Denne planen skal dei byrje å utforme etter nyttår, og det er planlagt at den skal være ferdig i løpet av våren 2023.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitende.

PS 49/22 Referatsaker

Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel |
|---------|-----------------------------------|
| 08/22 | Påverka auka inflasjon kommunane? |

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 50/22 Kvartalsrapport 3. kvartal 2022 inkl. finansrapport

Vedtak:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten med finansrapporten for 3. kvartal 2022 til vitende.

Behandling:

Økonomileiar Bjørnar Haddal orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet stilte spørsmål til dei forskjellige postane. Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Kai-Rune Bjørke, og kommunalsjef sektor for velferd, Ottar Røyset, svarte på spørsmål.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek kvartalsrapporten med finansrapporten for 3. kvartal 2022 til vitende.

PS 51/22 Bestilling av prosjektplan for nytt forvaltningsprosjekt - Hareid

Vedtak:

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS å utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Økonomi - Økonomistyring og budsjettoppfølging.
2. Kontrollutvalet ber revisjonen sende over prosjektplanen til sekretariatet 31.12.2022

Dagleg leiar si tilråding:

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS å utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Teknisk - Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg.
2. Kontrollutvalet ber revisjonen sende over prosjektplanen til sekretariatet 31.12.2022

PS 52/22 Forenkla etterlevingskontroll 2022 Hareid - Risikovurdering

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket kring offentlege innkjøp.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek til vitende revisjonen si vurdering av risiko- og vesentleg vurdering vedkomande etterlevingskontroll med å sjå på praktisering av regelverket kring offentlege innkjøp.

PS 53/22 Kommunale tomtekjøp - kjøpekontrakter

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for samfunnsutvikling, Kai-Rune Bjørke, til vitende.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere om det er hensiktsmessig å utarbeide rutiner for tomtekjøpt/grunnkjøp.

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet, Audun Ulstein, presenterte saka.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Kai-Rune Bjørke, orienterte og svarte på spørsmål.

Det blei diskutert om møtet skulle lukkast for å kunne komme inn på nærmare opplysningar i saka. Det vart enstemmig vedtatt. Møtet vart lukka etter kommunelova § 11-5 2.ledd a) hensyn til personvern.

Møtet vart opna før det vart gjort vedtak.

PS 54/22 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet stiller spørsmål ved at det ikkje ligg møtereferat til møta i ungdomsrådet, og etterlyser dette.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

PS 55/22 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

PS 56/22 Saker til eventuell seinare behandling

Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå sektor for læring og kultur, Anne-Lise Roald, til vitende.

Behandling:

Nestleiar Øyvind Grinstad stilte spørsmål ved SFO-ordninga.

Kommunalsjef sektor for læring og kultur, Anne-Lise Roald, orienterte og svarte på spørsmål.